

Sporstøl Arkitekter As
Postboks 301
6067 Ulsteinvik

Vår referanse
23/982 23/20306

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Vegard Ose Velle

Dato
01.12.2023

Oppstartsbehandling for reguleringsplan - Reguleringsendring for "Torvik resort"

Utval for samfunnsutvikling har i møte 28.11.2023, sak 148/23, fatta følgjande vedtak:

Utval for samfunnsutvikling gir løyve til oppstart av planarbeid "Reguleringsendring for Torvik resort", på dei vilkåra som kommunedirektøren viser til i saksutgreiinga.

Planarbeide kan derfor gå vidare til høyring jamfør §§12-3 og 12-8 i plan – og bygningslova. Plankonsulent og/eller tiltakshavar skal varsle påverka partar om vedtaket (*både private og offentlege, sjå liste over aktuelle sektormyndigheiter på våre nettsider*), og skal informere om oppstart av planarbeid gjennom annonse i lokal avis (*Vestlandsnytt*). Herøy kommune vil melde opp vedtaket som referatsak i relevante råd og utval. Ei foreløpig plangrense vil òg leggjast inn i Sunnmørskart og planarkiv «*arealplanar.no*», og ein skal i begge ha lenker til saksdokument som utgjer del av kunngjeringa. For å sikre gjennomføring av sistnemnte punkt, ber vi om å få tilsendt oppstartsvarsel med dokumentasjon når dette sendast ut.

Som del av tilrådinga, la administrasjonen større vekt på kartlegging av overvatn og barn - og unge sin tilgang på leikeareal i vidare planprosess, etter sjekk av planområdet oppimot eigne overvasskartleggingar òg barnetrakkundersøking frå 2012. Foreløpig avrenningskart ligg vedlagt, og er forventa oppfølgt i den vidare prosessen. For barnetrakk viser vi til vedlagt PDF-utskrift frå kommunekart, òg SOSI—fil for det aktuelle leikearealet, som blir oversendt i eigen E-post. Jamfør «*informasjon*» feltet for flata er arealet registrert som «*skøytebane*».

Utbygging av resortanlegget vil sannsynlegvis medføre at denne arealbruken går tapt. Det må derfor utførast tilpassingar i planforslaget som ivareteke barn – og unge sin tilgang til strandsona, med opparbeiding/avsetting av eit tilsvarande areal for fri leik i strandsona jf. §5d i «*Rikspolitiske retningslinjer for barn – og unge i planlegging*».

Har de spørsmål i tilknytning til saka kan de vende dykk til sakshandsamar, på telefon 908 38 306, eller på E-post: vegard.ose.velle@heroy.kommune.no.

Med helsing

Vegard Ose Velle
planleggar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

| | | | |
|------------------------|-----------------|------|------------|
| Mottakar | | | |
| Plass1 As | Torvikvegen 201 | 6095 | Bølandet |
| Sporstøl Arkitekter As | Postboks 301 | 6067 | Ulsteinvik |

Kopi til
Fred Arnesen
Torger Kvalsund

Vedlegg

Oppstartsbehandling for reguleringsplan - Reguleringsendring for "Torvik resort"

Planinitiativ datert 19.06.23

V1 Planavgrensning datert 29.03.23

V2 Torvik Resort - sjekklister-ROS rev. 19.06.23

V3 Gjeldande plankart Torvik Resort

V4 Gjeldande føresegner Torvik Resort

Referat oppstartsmøte signert

Overvatn_ErosjonsutsetteOmråder_TorvikResort

Barnetrakk - 2012 - Torvika - Kommunekart

